

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 20.10.2016

SAKLISTE

- SKRIV OG MELDINGAR
- DELEGASJONSSAKER
- BEREDSKAPSPLAN FOR GULEN KOMMUNE – REVISJON OKTOBER 2016
- BREKKE BARNEHAGE OG SKULE. GODKJENNING AV PROSJEKT TILBYGG TIL BARNEHAGEN
- DALSYRA BARNEHAGE OG SKULE. GODKJENNING AV PROSJEKT NYBYGG I HOVDEN
- DRIFTSRAPPORT 2. TERTIAL 2016
- KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 – 2020. GODKJENNING
- MUSEA I SOGN OG FJORDANE. DRIFTSTILSKOT 2017
- NY RAMMEPLAN FOR KULTURSKULEN
- STATUSRAPPORT FINANSFORVALTNING PR. 31.08.2016
- SØKNAD FRÅ STIFINGA UTKANT OM TILSKOT OG KORTSIKTIG LÅN
- LÅN GULEN KYRKJELEGE FELLESRÅD
- GODKJENNING AV UTBYGGINGSAVTALE MELLOM GULEN KOMMUNE OG EIVINDVIK BULYST

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Hallvard Oppedal, Ordførar

Gulatingsprisen 2016 og frist for innspel

Den aller første Gulatingsprisen vart delt ut i 2008. Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er å:

“Gje honnør til lag, verksemder, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggja tilhøva til rette for andre”.

Kven synest du fortener Gulatingsprisen?

Grunngjevne forslag sender du til: Gulen Kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik, eller postmottak@gulen.kommune.no

Frist for innspel er fredag 11.11.2016.

Gulen formannskap tildeler prisen.

Bernhard og Borghild Indregaards legat og frist for innspel

Bernhard og Borghild Indregaards legat vart stifta i 1980.

Gulen kommune ynskjer innspel til mottakarar av midlar frå Indregaards legat 2016.

Legatet skal vere til framhjelp for hagebruket, skogbruket, husdyrbruket, jordbruket og smånæringane.

Midlar frå legatet skal fortrinnsvis utdelast til personar som har gjort ein særleg innsats til framhjelp for jordbruket. Bondelag og bondekvinnelag i kommunen kan og kome i betraktning ved utdeling frå legatet.

Enkeltpersonar, lag eller organisasjonar i kommunen skal fremje forslag til legatstyret.

Frist for innspel er fredag 11.11.2016.

Gulen formannskap tildeler midlar.

Kva trur du logoen under symboliserer?

Vert lansert på kommunen si heimeside...om litt.



TV- aksjonen 2016 – støtt opp om aksjonen!

Aksjonsdagen er 23. oktober 2016.

TV-aksjonen skal redde liv og gje omfattande helsehjelp til nokre av dei mest sårbare i verda – menneske ramma av krig og konflikt.

Gjennom TV-aksjonen skal meir enn to millionar menneske få livsviktig hjelp. Me håpar du vil vere med å bidra.

Krig og vald skaper enorme lidingar. Menneske vert drepne, og ringverknadane for lokalbefolkninga er katastrofale. Dei manglar vatn, mat og medisinar, helsetilbodet er svekka, dei må flykte frå heimane sine og har ingen jobb å gå til. Dette fører til underernæring, helseproblem, utryggheit og fattigdom.

Dei innsamla midlane går til Røde Kors sitt arbeid i ni land: Syria, Libanon, Sør Sudan, Afghanistan, Myanmar, Somalia, El Salvador, Guatemala og Honduras. Pengane går også til å hjelpe flyktningar som har kome til Noreg.

Røde Kors er fleire stadar ein av få helseorganisasjonar som når fram med humanitær hjelp, og har gjennom lokale frivillige tilgang til menneske i svært sårbare situasjonar.

Behovet er enormt, og kvart bidrag er med på å redde liv.

For meir informasjon om tv-aksjonen, sjå www.blimed.no

Spelemidler til idrettsanlegg 2017

Lag og organisasjonar som planlegg å søke om spelemidler til idrettsanlegg i 2017 bør ta kontakt med kulturkonsulenten raskast mogleg for å få hjelp og rettleiing i søknadsprosessen.

Fristen for å få søknaden inn til kommunen er 01.11.2016.

Plan-nytt:

Planoppstart:

0000000 Ortneset Brekke – Bustadfelt

Planarbeid pågår:

2008001 Taskebotn hytter

2009005 Dingeneset sør hyttegrend

2011001 Storevågsneset Brandanger

2013003 Gulen industrihamn

2014002 Brandanger gbnr. 75/1, 3, 5, Spreidd bygg

Planarbeid med planprogram:

2014006 Oppdrettsanlegg, Ortneset Brekke

Prosjektnytt:

- Utleigebygg Eivindvik: Utbygging pågår
- Forstudie symjehall, Dalsøyra: Moglegheitsstudie pågår
- Prosjekt for trafikktiltak snuplass, Byrknes skule: Utbygging startar i november
- Uteplass og klatrepark for Brekke barnehage og skule: Arbeid utført
- Prosjekt barnehage på Hovden: Ventar på kommunalt vedtak om oppstart
- Prosjekt barnehage i Brekke: Ventar på kommunalt vedtak om oppstart
- Prosjekt utviding PU Kjellevold ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter: Prosjektering
- Montering av rekkverk Eivindvik – Sygnefest: Gjennomførast i oktober

Besøksheim for barn og unge

Gulen kommune ynskjer å kome i kontakt med familiar som kan tenke seg å vere besøksheim i helgar for barn/ungdom. Vi ynskjer og kontakt med ungdom/vaksne som kan vere fritidskontakt på ettermiddagar.

Er du interessert eller ynskjer du meir informasjon kontakt oss.

Kontaktperson:

Kommunalsjef omsorg Ingebjørg Søreide
Ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no